

## **ÅRSRAPPORT AVD VÅGSØY – EID HUNDEKLUBB 2011**

Ved årsslutt 2010 la vi oppstart av eigen klubb litt " på is ". I 2011 har vi derfor hatt ein aktivitetskomite som har hatt ansvar for avd. Vågsøy.

Aktivitetskomite: Grethe Yddal, Inger Furnes, Margreth Tennebø, Ranveig Isene

### **AKTIVITET VÅR OG HAUST 2011:**

#### **Treningane:**

Vi har mandagskveldane kl 19-20 som fast treningstidspunkt. I oktober endra vi klokkeslett til kl 18. Dette har fungert veldig bra.

Fra januar t.o.m mars hadde vi treningane på parkeringsplassen til Båtbygg. Der var god plass og god belysning. Her trenar vi gratis. Vintermånadane var prega av kulde og lite fristande for mange å trene hund. Vi var i snitt 4-7 stk som trena denne tida.

April-oktober har vi som tidlegare hatt tilholdssted på grusbana til Måløy vidaregåande skule. For å nytte grusbana til trening betalar vi 1000 kr i leige for halvåret.

I løpet av vårsemesteret auka antal på frammøtte på treningane, og utover hausten har vi vor e mellom 15-20 stk, ein god og stabil gjeng.

November og desember var vi tilbake på Båtbygg. For å variere treningane har vi også lagt enkelte mandagstreningar til Trimløypa i Måløy. Då har vi hatt fokus på møtetrening. Dette var veldig vellykka.

#### **Kurs:**

Valpekurs 8-10 juli: Kurset blei fulltegna og vart holdt på Moldøen

Kurshaldar: Ingrid Hesjadalen

Deltakarar: 10 ekvipasjar

#### **Trivselstiltak:**

- Grilling på refviksanden
- Medlemsmøte med hund på San Marino
- Gløgg på stadion

### **Kakelotteri:**

3 des. hadde vi kakelotteri på Måly Brygge. Vi fekk inn kr. 4270

Denne gangen hadde vi også ein Power Point presentasjon av hundar i avdelinga vår, som ble vist på stort fjernsyn under kakelotteriet. Marleen Blålid hadde ansvar for utforming av denne presentasjonen

### **Konkurranser:**

Fleire av medlemmane har delteke eksteriørutstilling og ein har konkurrert i lydighet.

### **Prosess på veg mot egne klubb:**

Dette året har aktivitetsnivået og medlemstalet bare auka. I haust tok vi derfor opp tanken om eigen klubb igjen. På medlemsmøtet i november orienterte vi om prosess fram mot etablering av eigen klubb. VI starta arbeidet med å samle underskrifter frå medlemmane våre og nye medlemmar. Valgte vi på nytt interimstyre som vidarefører prosessen fram mot etablering av eigen klubb.

**Informasjonskanal:** Vi nyttar framleis Facebookgruppa "Hund i Vågsøy" på slutten av året fekk vi også ei heimeside: [hundivagsoy.net](http://hundivagsoy.net)

**Økonomi:** VI har framleis vår eigen konto som dekkar utgifter vi har i avdelinga vår. Inntekter vi skaffar oss vert også sett inn på denne kontoen

### **Interimstyret:**

Inger Furnes, Grethe Yddal, Ranveig Isene, Margreth Tennebø, Guro Brekke

For aktivitetskomiteen i avd Vågsøy

Ranveig Isene